



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2323
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato
21.10.2014
Dykkar dato
05.05.2014

Vår referanse
2014/5754 561
Dykkar referanse
14/807

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Motsegn til bygging av Skytjedal pumpe i Simavassdraget i Eidfjord kommune

Fylkesmannen har motsegn til overføring av Skytjedalsvatnet til Sima kraftverk grunna konflikt med anadrom fisk i Simavassdraget. Det er trong for revisjon av eksisterande konsesjon. Tiltaket er og i konflikt med regionale interesser knytt til landskap, sårbart høgfjell, friluftsliv og reiseliv.

Vi viser til høyringsdokumentet og synfaring i området 24. september. Fylkesmannen har fått utsett høyringsfrist til medio oktober.

Bakgrunn

Konsesjonssøknad om overføring av Skytjedalsvatnet til Sima kraftverk vert vurdert av søkjar som eit opprustnings- og utvidingssprosjekt (OU-prosjekt). Øvre del av nedbørsfeltet til Sima vart på 70-talet overført til magasinet i Rembesdalsvatnet i samband med utbygginga av Eidfjord-Nord. Utbygginga gjer at Sima ikkje har brepåverka vatn frå Hardangerjøkulen, og vassdraget har sterkt redusert vassføring, med tilsig berre frå restfeltet. Vassføringa er redusert frå 9,0 m³/s til dagens 2,1 m³/s.

Skytjedalsvatnet er i dag einaste større innsjøen i nedbørsfeltet. Tidlegare utbygging i området påverkar vassføringa i fleire fosser: Vøringsfossen, Skytjedalsfossen og Rembesdalsfossen. Sima kraftverk (Sy-Sima og Lang-Sima) er landets største kraftverk målt i installert effekt, og med samla produksjonen på 2900 GWh.

Ny overføring vil gi årlig netto produksjonsauke ved Sy-Sima på 27 GWh.

Konsesjonssøknaden omfattar planar om å pumpe vatnet frå restfeltet i Skytjedalsvatnet på kote 837, opp til eksisterande bekkeinntak på kote 945, for å ta det inn på tilløpstunnelen til Sy-Sima kraftverk. Tiltaket er utredningspliktig, og det er utarbeidd ei konsekvensutgreiing som ligg ved søknaden.

Inngrep

Tiltaket vil gi følgjande inngrep og endringar:

Ny terskel ved utløpet av Skytjedalsvatn for å etablere eit magasin. Terskelen blir 20 m lang og 25 cm høgare enn dagens terskel. Vasstanden i vatnet vil bli heva 25 cm og vil ligge mellom kote 837,25 og 837,0 som tilsvarar normalvasstand. Strandlina på om lag 4 km og

1000 m² vil bli berørt. Det blir montert tappeventil for å sleppe minstevassføring til Skytjedalsfossen i turistsesongen.

Pumpestasjonen er planlagt bygd ved myra i elvedeltaet på austsida av vatnet, med inntak i ei lita elv om lag 750 m mot vest. Det blir nødvendig å kanalisere elva vidare ned ut i vatnet. Permanent arealbehov for stasjonen vert om lag 2 dekar, og sjølve pumpehuset blir eit bygg på 200 m².

Leidningen vil ha ein lengde på nærare 3 km med trase opp Skytjedalen til eksisterande bekkeinntak for tunellen til Lang-Sima. Dagens inntak skal utvidast og det blir eit reserve diesellaggregat til bruk ved mogleg straumutfall. Leidninga må gravast og sprengast ned langs heile traseen. Riggområdet får breidde på om lag 10- 25 m med samla arealbeslag på 20 dekar. Det får fram av søknaden at arbeidet blir utfordrande grunna høg grunnvassstand.

Ny 22 kV kraftline inn i Skytjedalen vil gå frå eksisterande line frå Simadalen til Rembesdalsdammen, planlagt frå to alternative punkt. Det er og lagt fram alternativ med ulik grad av luftline og/eller nedgrave line. Slik vil forstå Statkraft er det primært ønskt å bygge alternativ 1 lengst vest og jordkabel i Skytjedalsvatnet, alt 1B.

Deponi. Overkuddsmasser frå grøft og overføringsleidning blir lagt langs røyrtraseen og annet eigna stad. Mengde er ikkje oppgitt, men arealbehovet vil vere 4 dekar.

Riggområde og vegar. Utbygginga vil skje med helikopter og snøskuter og krev ikkje nye vegar. Det blir etablert riggområde nær pumpestasjonen.

Redusert vassføring. Tiltak vil redusere restefeltet til Sima målt ved Tveit med 45 %, og vil føre til redusert vassføring heile året, særleg om sommaren.

Skytjedalsfossen. Foreslått driftsregime vil sikre dagens vassføring i Skytjedalsfossen på dagtid i høgsesongen for turistar (1. juli – 15. august). Resten av året vil ein sleppe 0,12 m³/s. Reguleringa vil bli styrt ved å starte og stoppe pumpene.

Verknader av tiltaket

Konsekvensutgreiinga gjer greie for utbyggar sine vurderingar av verknadene på natur og miljø, og er samanstilt i tabell 15.1 i søknaden.

I omtale av landskap viser ein til at inngrepa i Skytjedalen vil vere avgrensa, med unntak av deponiet og røyrleidninga. Dei legg størst vekt på verknadene av redusert vassføring i fossen. Også for friluftsliv vurderer ein ikkje verknadene som store, då området fortsatt vil vere tilgjengeleg. Verdien av både landskap og friluftsliv/ferdsle er sett til middels- stor, medan konsekvensane for begge tema er etter søkjar sin oppfatning *middels negativ*.

Overføringa av vatn frå Skytjedalen vil å føre til at fossesprøytsona i fossen vil bli berørt. Konsekvensen vurderast som *middels negativ*. Også eit område med artsrik moseflora nedafor fossesprøytsona kan bli påverka negativt.

Området er mellom anna hekketerritorium for kongeørn, og har stor verdi. Anleggsarbeid kan gi negative konsekvensar om ein ikkje tek særleg omsyn. Når det gjeld driftsfasen viser ein til fare for elektrokusjon og kollisjon for fugl. Søkjar viser til at luftlina har avgrensa lengde og

at den vil gå i kabel i sjølve Skytjedalen. Konsekvensane for fugl er sett til *liten-middels negativ* i anleggsfasen.

Anadrom del i Sima er vurdert å ha middels verdi, medan konsekvensane er sett til *middels negativ*.

Når det gjeld sysselsetting og verdi skapning er det peika på at kommunen alt har store inntekter i samband med kraftutbygging, og at ekstra inntekter frå omsøkte overføring vil vere små. Det er sett *liten positiv* konsekvens.

Fylkesmannens vurderingar

Fylkesmannen meiner at konfliktnivået når det gjeld fleire sentrale fagfelt er undervurdert i søknaden.

Anadrom fisk

Vassdraget er anadromt, med ei anadrom strekkje på ca. 4,3 km. Gytefisk- og ungfiskteljingar gjort i vassdraget viser at sjøaurebestanden er livskraftig og sjølvreproduserande. Laks gyt og veks opp i vassdraget, men potensialet er ikkje stort nok til at forvaltninga har kategorisert vassdraget som eit laksevassdrag. Det er såleis ingen eigen bestand av laks i Sima.

Simadalsvassdraget er allereie sterkt regulert, då 77 % av vassdraget er overført til Sysenvatnet. Fråføring av vatn og mangel på minstevassføring har redusert vassdekt areal og tilgang på ungfiskhabitat i vassdraget. Særleg låg vintervassføring er i dag vurdert som den største flaskehalsen for ungfisk.

I motsetning til dei aller fleste bestandane av sjøaure langs Hardangerfjorden, er ikkje lakselus eit problem for sjøaurebestanden i Sima. Det er reguleringa og fysiske inngrep som har ført til at bestanden er omsynskrevjande og redusert. Det er i dag for lite vatn, særleg vinterstid. For å bote på dagens situasjon, og redusere faren for økt dødelegheit på ungfisk og gytegroper, har LFI Uni Research anbefalt minstevassføring på 300 – 500 l/s målt ved Tveit.

Tiltak det er søkt om vil redusere restfeltet til Sima målt ved Tveit med 45 %, og vil føre til redusert vassføring heile året, men særleg om sommaren. Normaltilsiget frå Skytjedalen er vurdert å vera lite om vinteren. Som avbøtande tiltak er det foreslått ein minstevassføring på 120 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 20 l/s 1. oktober til 30. mars. Minstevassføringa vert sleppt frå Skytjedalen.

Overføringa av Skytjedalsvatnet til Sysenvatnet vil etter Fylkesmannens syn føre til ein forverring av situasjonen for anadrom fisk i vassdraget. Overføringa vil føre til redusert vassdekt areal særleg om sommaren. Lågare vassføringa kan føre til auka dødelegheit no òg om sommaren, i tillegg til at forholda om vinteren vil verte verre, sjølv om tilsiget i dag frå Skytjedalen kan vera lite om vinteren. Redusert vassføring kan gjere oppvandring av anadrom fisk vanskelegare, noko som òg vil påverke fisket i vassdraget. Fisket i vassdraget er allereie i dag sterkt påverka av reguleringa, då utøving av fisket er avhengig av vassføring.

Mangel på minstevassføring er i dag ein flaskehals for produksjonen og overleving av anadrom fisk i vassdraget. Av omsyn til anadrom fisk er det ingen tvil om at det er naudsynt med minstevassføring i Sima no, og då i storleiken 300 l/s og oppover, målt på Tveit. Ei overføring av Skytjedalsvatn vil forverre dagens situasjon. Minstevassføringa som er foreslått

kan ikkje bote på dagens situasjon og er heller ikkje tilstrekkeleg til å oppretthalde dagens situasjon. Det er Fylkesmannen sitt syn at Simadalsvassdraget ikkje har meir vatn å gje, slik situasjonen er i vassdraget i dag. Vi meiner det er nødvendig å med ein revisjon til for å optimalisere bruken av vatn i vassdraget.

Av omsyn til anadrom fisk fremjar Fylkesmannen motsegn til bygging av Skytjedal pumpe.

Grunnvasstand

Sima er i dag sterkt grunnvasspåverka og tilsiget frå grunnvatnet bidreg sterkt til vassføringa vinterstid. Fylkesmannen meiner det er usikkert korleis ei overføring vil påverke grunnvasstilsiget og anadrom fisk i Sima.

Naturmiljø

Overføringa vil ha uheldige og uønskt konsekvensar for fossesprøytsone ved Skytjefossen. Også et område med artsrik moseflora nedafor fossesprøytsone vil i nokon grad kunne bli negativt påverka.

Bygging av nye luftliner i desse fjellområda vil kunne føre til elektrokusjon og kollisjon for rovfugl.

Fylkesmannen viser til at ved må ein nytte kjente tekniske løysingar som reduserer konflikkt med vegetasjon og fugl til eit minimum, jf. naturmangfaldlovs § 12.

Landskap og friluftsliv

Skytjedalen står fram som eit markert, dramatisk landskapsrom med stor opplevingsverdi. Det er ein hengjande botndal med bratte fjellkanten der nordsida tydeleg viser lagdeling med fylttdække oppå grunnfjellet. Kanten er karakterisert med svære rasvifter, og det flate dalføret har eit fint utforma elvelandskap og deltaområde.

Dagens fysiske inngrep i området er relativt avgrensa, om ein ser bort frå redusert vassføring. Dei nye inngrepa vil etter vår vurdering samla sett vil føre til at inngrepsnivået i dalføret aukar vesentleg, og bidra til å endre karakteren av dalføret. Vi meier desse vil bli meir merkbare og synlege enn søknaden gir uttrykk for.

I fylkesdelplanen for små kraftverk i Hordaland er området klassifisert som *sårbart høgfjell av stor verdi*. Vidare har område *høg verdi* som regionale friluftsområde i fylket. Det går fleire turvegane inn til Skytjedalen og gjennom det aktuelle fjellområdet, frå Simadalen, Rembesdal, Liseth og Kjeldebu. I tillegg går eit freda ferdselsminne, den gamle Bispevegen, gjennom dalføret. Sjølv om området ikkje blir mindre tilgjengeleg for fotturister, er det Fylkesmannens vurdering at meir utbygging vil redusere opplevingskvalitetane i dalføret og dette unike fjellområdet.

Skytjedalsfossen ligg nedafor vatnet og faller ned i Simadalen. Fossen er blant dei aller høgast i Norge, med fritt fall på over 300 m. Den er ein kjent turistattraksjon i Eidfjord. Fossen er og kjent i samband med isklattring.

Overføringa vil føre til at vassføringa i fossen vil bli vesentleg redusert, og store vassføringar vil opptre meir sjeldan, spesielt i samband med snøsmeltinga. Dette vil redusere opplevingsverdien og fossens verdi som attraksjon. At pumpa vert stoppa på dagtid i den

delen av turistsesongen vil kunne bøte på samla tap av opplevingsverdi for dei som besøker området dei aktuelle tidspunkta. Inngrepet vil uansett bidra til ein endring i naturtilhøva.

Redusert vassføring vil og bli merkbare i resten av Simadalen ned til fjorden.

Fylkesmannen meiner at konsekvensane av omsøkte tiltak på både landskap og friluftsliv vil vere *store negative*.

Samla belastning

Når ein skal vurdere konsekvensar for naturmangfald må ein trekke inn summen av tidlegare og nye inngrep for å få eit bilde av *samla belastning* i området. Dette gjeld både biologiske verdiar og landskap. Tidlegare inngrep i området gjer at tolegrensa for å akseptere nye inngrep vert lågare. Restforvaltning av dei store vassdraga våre må skje med eit overordna blikk, der nærleiken til nasjonalt viktige naturområde som fjord, bre og nasjonalpark må påverke vurderingane.

Det vert vist til at søknaden ikkje er i konflikt med fylkeskommunale planar. Sjølv om dette er en overføring som skal handsamast etter vassdragsreguleringslova er det relevant å vise til Fylkesdelplanen for små kraftverk. Planen omhandlar sårbare fjellområde, viktige område for friluftsliv og reiseliv, og har særleg har omtale av delområde 7 Ulvik – Eidfjord, der det blir det understreka at det er viktig å vurdere sumverknad.

Konklusjon

Sima er eit anadromt vassdrag, og tidlegare regulering gjer at det alt i dag er for lite vatn for å sikre ungfiskproduksjon. Overføringa vil føre til ein forverring av situasjonen for anadrom fisk, og foreslått minstevassføring vil ikkje bøte på eller oppretthalde dagens situasjon. Det er nødvendig med revisjon for å optimalisere bruken av vatn i Simavassdraget.

Av omsyn til anadrom fisk fremjar Fylkesmannen motsegn til overføring av Skytjedalsvatnet til Sima kraftverk.

Fylkesmannen viser til samla negative konsekvensane på landskap, friluftsliv og naturmiljø. Avbøtande tiltak ikkje vil endre dei negative verknadene på vesentleg måte.

Den samfunnsmessige fordelene ved tiltaket er ikke stor nok til å vege opp for dei negative verknadene. Etter Fylkesmannens oppfatning er vilkåra ikkje til stades for å gi konsesjon til utbygginga.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	Eidfjord
Forum for Natur og	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Friluftsliv i			
Hordaland v/			
Bergen Turlag			
Hordaland	Postboks 7900	5020	Bergen
fylkeskommune			
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM